



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 16.02.2018
Vår ref: 18/00129-2
Deres ref: 17/3013 - 18/1241

Innspel til høyring av planprogram og varsel om oppstart av kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 for Lindås kommune

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 16. januar 2018.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansaker.

Om saka

Føremålet med å rullere kommuneplanens arealdel (KPA) er å følge opp strategiane i kommuneplanen sin samfunnsdel og å oppdatere arealpolitikken før kommunesamanslåinga i 2020. Ny KPA får verknad for arealbruken på sjø og land i dei delane av kommunen som ikkje er dekte av vedtekne eller påbyrja kommunedelplanar, dvs. Knarvik – Alversund med Alverstraumen, Lindåsosane-Lygra-Lurefjorden, og Lindåsneset med Mongstad. I analysearbeidet er det likevel naudsynt å sjå kommunen under eit.

Hovudtema for rullering av arealdelen er sentrumsutvikling, næringsutvikling, bustadutvikling, landbruk, natur og friluftsområde, grønstruktur og byggjeområde for naust.

Innspel frå DMF

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015, heiter det at Noreg har store mineralressursar som det moderne samfunnet har behov for og utvinning kan gje grunnlag for verdiskaping. Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre tilgang til gode mineralreservar i framtida, og for å ta hand om andre miljø- og samfunnsomsyn.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- *Fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng.*



Som dei nasjonale forventningane legg vekt på, omfattar forvaltning av mineralressursar ikkje berre å avsette nye område for råstoffutvinning. Det inneber og å sikre tilgjenge til gode mineralførekomstar for framtida og komande generasjonar. Det inneber at kommunen, så langt som mogleg, bør unngå å bandlegge registrerte mineralressursar gjennom arealbruk som kan føre til førekomstar blir bygd ned, eller legg andre avgrensingar for framtidig utnytting av ressursane.

I Lindås kommune og i regionen er det mineraluttak som i grus- og pukkdatabasen til Noregs geologiske undersøking er registrert til å ha nasjonal verdi med leveransar internasjonalt. Muligheitene for sjøtransport av byggeråstoff forsterkar verdien av førekomstar da det muliggjør meir effektiv transport, både med tanke på pris og miljø. Sjøtransport av byggeråstoff gir et langt større nedslagsfelt for ressursen enn transport på land, og ressursen kan på den måten utnyttast langt meir effektivt. I tillegg er CO-utslippet ved sjøtransport langt lågare per tonn per km for sjøtransport, noko som potensielt kan redusere utslipp av klimagassar.

Sjølv om førekomstar ikkje er registrerte for heile kommunen, er det eit sannsynleg potensiale for uttak og utnytting av gode pukkressursar i kommunen og regionen. Når kommunen no skal leggje føringar for arealbruk gjennom kommuneplanens arealdel, anbefal vi at mineralressursar også er med som eit eige utgreiingstema. Sjølv om hovudformåla potensielt er bustad eller næring, kan det liggje mineralressursar i kommunen som kan være økonomisk og ressursmessige hensiktsmessige å ta ut i samanheng med tilrettelegging av nye område. Dette kan også sjåast i samanheng med kartlegging av behov for areal til massehandtering, som omtala i planprogrammet.

DMF anbefal at mineralressursar takast inn som eige utgreiingstema i planprogrammet.

Med helsing

Marte Kristoffersen
seksjonsleder

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Marte Kristoffersen

Motta karar:
Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Kopi til: